Vaksdal kommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
03/2019	Valstyret	PS	06.05.2019

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE-014	19/335

DELEGERING AV MYNDE FRÅ VALSTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og nestleiar) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr. 4 har valstyret høve til å delegere avgjerdsmakt i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen. Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

I Vaksdal kommune er det vald eit valstyre på 5 medlemmer frå formannskapet. Møta i valstyret blir som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere tenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i "typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning". Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmakt i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er av prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren av vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfellet er forsvarleg og formålstenleg.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som å leggje manntal ut til offentleg ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klagar, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande. Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

Styringsmakt som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeframlegg og tilbakekalling av listeframlegg skal godkjennast, samt forkasting av røyster.